



# *Dekorasjonane i Aal Tingstugu*

*Laga i hove Grunnlovsjubilèet 1814-2014*



# ”Rettferd”

Folk på vitjing til tingstugu, kommunehuset i Ål, og som har vore i kommunestyresalen eller rettssalen, har gjerne lagt merke til dekorasjonane som pryder desse romma, eit måla kunstverk som ligg som ei frise på øvre delen av veggane. I kommunestyresalen er det fjell-landskap på langveggane, med den gamle tingstugu og storkyrkja som hovudmotiv på kortveggane.

I rettssalen er det scener med ulike menneskje som utspelar seg. Det er arkitekten og målaren Maja Melandsø (1906-1981) som er meister for kunstverket. Melandsø skriv i ei utgreiing om dekorasjonane at oppdraget hennar for rettssalen var å lage ein dekorasjon med Rettferdsgudinna som motiv og at ho i byrjinga var i villreie rundt korleis ho skulle gripe det an.

Men, skriv ho, «så hørte jeg at byggekomiteens medlemmer gikk i svarte klær med sølvknapper, og da fikk jeg fast grunn under føttene. For da visste jeg at vi ville finne hverandre i det at det nasjonale er det levedyktige selv om det er aldri så gammelt - at Øreting er mer bestemmende for oss som kulturarnested enn Forum Romanum er.» (Øreting: tingstad i Trøndelag i vikingtid/ mellomalder.)





# ”Lorseiingsmannen lyser tingsfred”

Melandso la difor framstillinga på eit norrønt grunnlag der hovudmotivet «Rettferd» vert symbolisert ved ei av nornene, dei som ser og veit alt, sitjande under verdstreet Yggdrasil. Det var i nærleiken av Yggdrasil gudane heldt ting, og greinene frå treet er tenkt hangande ned over heile rommet, inn i dei ulike scenene. Verket til Melandso skulle bli ei biletleg framstilling av sentrale utviklingstrekk frå den norske rettshistoria. Motivet «Lorseiingsmannen lyser tingsfred» er henta frå tida då Frostatingslova og dei andre fylkeslovene vart til. Uttrykka «Med lov skal landet byggjast», og «einkvar bonde er sjølvsterna til tinget», kjem frå Frostating-slova.



# "Förlik og fred av ufred"

Tinget reidde grunnen for rettssamfunnet som vert symbolisert gjennom det neste motivet, «Förlik og fred av ufred (1100)». To kvinner er med i framstillinga, og Melandsø kommenterer i notatet, «Kvinnene skotter engstelig til förlikets utgang». Tingordninga vart ein reiskap for konfliktløysing med ideal som ein skulle sjå attende til fleire hundreår seinare då grunnlova vår vart meisla ut, i åra fram mot 1814.







*Då kortreggane i kommunestyresalen laga Melandsø dekorasjonar av Ål  
starkyrkje og portalen til den gamle tingstugu (gjå framsida)*



# ”Jernbyrden”

«Jernbyrden (1300)» står som eit symbol på kyrkjeretten som rådde grunnen i mellomalderen, då prestane nærast åleine utgjorde den offentlege styresmakta i samfunnet. Tittelen og motivet syner til eitt av «sanningsprova» kyrkja brukte for å avgjere skuldspsørsmål. Den som ville prøve noko eller var skulda for noko måtte bera eller gå på gloheitt jern. Om hendene eller føtene var utan skade og utan brannsar etter tre dagar vart det tolka slik at Gud sjølv hadde gjere teiken på at vedkomande tala sant.





# ”Vitne og domarar”

Teksten «Vitne og domarar» høyrer slik til som eit mark på dette verdsbiletet, og korleis oppfatninga til kyrkja la grunnlaget for ein rettspraksis der det nok var vanskeleg å fri seg frå til dømes falske vitnemål, og der domarane som avgjorde skuldspørsmålet stod langt frå dei rettslege prinsippa av idag.



# "Misnøgd bonde dreg til Kongen"

Frå rettshistoria på 1500-talet kjem «Misnøgd bonde dreg til Kongen (1500)». Bondeferdene til kongen i København var ei tid svært vanleg; bønder som var misfornøyd med danskesfuten reiste med klageskriv til kongen der dei gjorde «han far» merksam på maktmisbruk og andre høve dei fann urettvise. Det finst døme på dette også frå Ål.





# "Futestyre i dansketidi", "Skattekrav"

«Futestyre i dansketidi (1600)» tek dette vidare til den brutale strafferetten me kjenner frå 1600-talet, då straffemetodane ikkje stod attende for dei frå mellomlaldren, og «Skattekrav» spelar på korleis avgifter i naturalia som ein del av rettsrøktinga tyngde bøndene under einereidet.



# *”På kant med nesten og skrivaren”,*

*«På kant med nesten og skrivaren (1700)» syner til dei mange valds-  
sakene ein kjenner frå 1700-talet, og korleis dei påfølgjande rettsoppgjera  
ofte vart farga av kulturkonfliktar mellom ein forfina skrivar frå ein dansk-  
språkleg embetsstand og det upolerte bondemiljøet i Hallingdal, der  
kniven ei tid sat vel laust i slira.*

*Karikaturen i «Sorenskrivar (1800)» står som det siste dømet på  
embetsmennene frå 1800-talet, frå ei tid der bonden framleis var kua til å  
stå med lua i handa når ein av dei «kondisjonerte» køyrde forbi*





# "Sorenskrivar", "Gjolv me skifte lov og rett"

Etter oppdrag frå Al Formannskap måla den kjente målaren Nils Bæra i 1845 eit skjap til å lagre ulike dokument i. Skjåpet har denne innskrifta:

Aals Prestegjelds Formandskaps Protokoller og Brærskaaber  
Retfsærdighed Forsigtighed  
Datoe den 22de November 1845

Då den gamle tingstugu brann hadde ordføraren den gong teke med seg brvrskjåpet heim, så skjåpet overlevde brannen. Skjåpet står i dag i rettssalen i noverande Tingstugu, som er møterom for Formannskapet og ordføraren i Al kommune.

Motivet «Gjolv me skifte lov og rett» tek verket til Maja Melandsø til endes ved å symbolisere korleis rettspraksisen vart teke over på eit folkeleg grunnlag igjen gjennom meddomsrettsordninga og utviklinga etter 1814. Motivet fortel korleis den tiltala no ikkje lenger er prisgjeven ei fjern ørrigheit, men at det no er to likemenn som deltek i prosessen og slik sikrar eit mest mogeleg rettstrist utfall ut frå eit eige, heilskapleg lorrverk.

Melandsø målber til slutt i teksten sin eit håp om at «fremstillingene i tingsalen en og annen gang får et og annet menneske til å tenke sig om og minnes med age at det har bodd folk for her i landet. Mer behøver en ikke forlange.»



Tingstugu me kjenner i dag står like ved sidan av staden der den forrige tingstugu stod. Det største tapet av storbrannen på Sundre 11.mars 1931 var at den også tok med seg dette vidgjetne huset, bygd i 1764 av Torkjell Villand, med dekorasjonar av Kristen Aanstad. Bygnaden hadde då vore tingstad og kommunehus for Ål i 115 år. I dag er det berre bilete som kan fortelja noko om korleis huset såg ut, ut over at ein kopi av svala fekk plass framfor sideinngangen til våpenhuset då Ål kyrkje vart restaurert og ombygd sist i 1950-åra.

Den 28. februar 1933 var det rigslefest for ei ny Tingstugu, teikna av arkitekten Eindrude Slåtto og sett opp på den gamle tomten til Sundre Hotell.

Slåtto engasjerte Maja Melandsø til å dekorere kommunestyresalen og rettssalen. Då rigsledagen låg det føre to gävebrev, eitt frå arkitekt Slåtto og eitt frå Dorethe Berrum. Gäva frå Slåtto var dekorasjonane i rettssalen, «...til minne om skaperen av Ål gamle Tingstugu Torkel Olsen Villand.» Dorethe Berrum gav på si side dekorasjonane i kommunestyresalen til minne om eit anna offer for brannen, Sundre Hotell, nabobygget til den gamle tingstugu, der ho hadde budd og hatt virket sitt i tretti år.

Mange meinte at kommunen hadde bygd altfor stort, og i mange år vart då også deler av huset bortleigd. Men valet av storleik syntte seg framsynt, då Ål ikkje trengde utvide kommunehuset før i 1982, nær 50 år seinare.

"Bygt i Guds navn av Torchild Olsen Villand"

Interiør frå den gamle tingstugu, måla av Kristen Aanstad

